



Sunnfjord  
kommune

# Årsplan 2023–2026

Vevring barnehage



## Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Om barnehagen .....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	4
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	5
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	5
Medverknad.....	6
Barn.....	6
Foreldresamarbeid .....	7
Tidleg innsats .....	7
Overgangar.....	7
Når barnet startar i barnehagen .....	7
Overgangar i barnehagen .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Overgang mellom barnehage og skule.....	8
Samarbeid .....	8
Samarbeid internt i barnehagen .....	8
Samarbeid med eksterne instansar .....	8
Vurdering.....	8
Hendingar og markeringar i barnehagen .....	10

## Einingsleiar har ordet

Årsplanen byggjer på Lov om barnehage og Rammeplan for barnehage. Planen er eit arbeidsverktøy for personalet. Her kan også foreldre og andre finne informasjon om korleis vi jobbar for å etterleve krav frå overordna dokument.

I Vevring barnehage er vi opptekne av å gi barn i ulik alder ein god kvardag saman. Barn leiker og lærer saman og saman med vaksne. Dei fleste barna er i barnehagen store deler av dagen. Som tilsette har vi eit ansvar for å skape ein trygg og god kvardag for alle. Dei tilsette må nytte kompetanse, kunnskap og empati for å leie barnegruppa slik at alle opplever glede og meistring gjennom dagen.

Personalet i barnehagen har vore stabilt i fleire år. Vi er opptekne av å vere i utvikling og lære saman. Arbeid med t.d. prosjekt om Inkluderande miljø har gitt oss verktøy til å motarbeide krenking og utestenging.

Foreldresamarbeid er viktig for oss. Vi nyttar Visma appen for å utveksle informasjon med foreldre i kvardagen, men den daglege kontakten er den viktigaste for å skape gode relasjonar og tryggleik for barn og foreldre!

Du finn meir informasjon på heimesida vår og på heimesida til dei kommunale barnehagane i Sunnfjord kommune.

Velkomen til Vevring barnehage!

**Helga Langeland Sæbø**  
**Vevring barnehage**



## Presentasjon av barnehagen

**Saman er vi EIN: Sunnfjord kommune sin visjon**

**Engasjert – Inkluderande – Nær**

### Om barnehagen

Vevring barnehage har ei avdeling med barn i alderen 1-5 år. Barnehagen vart samlokalisert med skulen våren 2022, og held no til i 2.etasje i skulebygningen.

Barnehage og skule ligg sentralt i Vevring. Vi har nærleik til både fjord og skog, og stranda og gapahuken i skogkanten er naturlege mål for turar i nærmiljøet.

Barnehage og skule har tett samarbeid om aktivitetar gjennom året. Aktivitetane vert regulerte av alderssamansetjinga i barnegruppa: felleslunsj kvar måned, strandrydding, uteleik og inneleik, symjing, kreative aktivitetar.

SFO er ein integrert del av barnehagen.

### Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barn som trivst, lærer. Barn som leikar, lærer.

Gjennom god omsorg oppnår vi tryggleik. Dette er grunnleggande for trivsel og utvikling. God omsorg handlar om å sjå barnet, hjelpe det til å sjå seg sjølv og sine behov og å kjenne seg verdifull i fellesskapet. I fellesskapet og i møte med andre utviklar vi oss som menneske.

Leiken har ein sentral plass i barnehagekvardagen. Leiken har ein eigenverdi og er ein viktig del av barnehagekulturen. I leiken skjer læring og utvikling, og det er ein plass for sosial og språkleg samhandling. Personalet skal legge til rette for eit godt leikemiljø som alle barna er ein del av.



## Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

### Fagområde frå rammeplanen til barnehage



#### Kommunikasjon, språk og tekst

Samtalar om opplevingar, tankar og kjensler. Vaksne som tydelege rollemodellar ved bruk av kroppsspråk og kommunikasjon. Vi legg vekt på å skape eit språkstimulerande miljø med mange ulike aktivitetar og spel som stimulerer språk og ordforråd. Bruk av bibliotek: høgtlesingsstunder og biletbøker. Babblarane – figurar, bilete og bøker. Namna på Babblarane hjelper barna til å høyre forskjell på språklydar. Vi bruker TRAS i vurdering og kartlegging av barn si språkutvikling

#### Kropp, rørsle, mat og helse

Uteleik kvar dag. Turar i nærområdet. Kle seg etter veret. Fysisk aktivitet i gymsalen. Hygiene i samband med toalett og måltid. Sunne og varierte lunsjmåltid. Fruktmåltid kvar dag. Sunn bursdagsfeiring.

#### Kunst, kultur og kreativitet

Samtdiskunst og lokal kunst i bygda er sentralt, Vevringutstillinga. Kunstvandring i nærmiljøet og i skulehuset/barnehagen. Kunst for å stimulere til undring og skape endring. Vi legg til rette for formingsaktivitetar og teknikkar som stimulerer fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Musikk, song, dans og drama. Frode Laks.

#### Natur, miljø og teknologi

Positive opplevingar og glede av naturen gjennom heile året. Friluftaktivitetar og uteleik er ein del av kvardagen. Vi går turar i nærmiljøet, til gapahuken, til stranda, på stiar i bygda. Vi tek vare på naturen, ryddar

**Mengde, rom og form**

strand og nærmiljø. Studerer fugleliv, plantar og dyr. Vi undrar oss i lag med borna, t.d. gjennom ulike eksperiment.

Leik er drivkraft i all læring, også i barna si forståing for matematiske omgrep. Gjennom sortering, teljing, leik med terning får barna utforske. Matematikk i kvardagen; borddekkning, leik i sandkasse, leik med vatn. Kropp og sansar for å utvikle romforståing.

**Nærmiljø og samfunn**

Gjennom medverknad, deltaking og påverknad i barnehagen får barna kjennskap til demokratiske prinsipp. Alle er viktige for fellesskapet. Turar i nærmiljøet; kyrkje, butikk, kunstutstilling. Trafikkopplæring.

**Etikk, religion og filosofi**

Barnehagen skal gi rom for undring og samtalar, og skal møte barn sine spørsmål med respekt. Fokus på haldningar og verdiar i nærmiljø og verda rundt oss. Respekt og toleranse for kvarandre. Grunnleggande normer og verdiar. Høgtider gjennom året. Lokale mattradisjonar og andre nasjonalitetar som er representerte i barnehagen.

## Medverknad

### Barn

« Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen » (Rammeplanen)

Barn sin rett til medverknad er tydeleg nedfelt i rammeplanen, barnehagelova, grunnlova og FNs barnekonvensjon.

Medverknad tydar at alle barn skal:

- oppleve at dei er med på å påverke eigen kvardag
- verte tekne med på råd, planlegging og vurdering
- bli møtt av vaksne som er opne for barn sine innspel
- ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet

Medverknad tyder at:

- ut i frå alder og modning skal barna bli høyrte, lytta til og ivaretekne
- barna opplever at dei er med på å påverke eigen kvardag
- barna blir møtt av vaksne som er opne for barna sine innspel

Barn kommuniserer på ulike måtar, gjennom tale, gråt, humor og glede, ved taushet og trekke seg vekk. Vi brukar observasjon og samtale med barna for å prøve å forstå dei ulike åtferdsuttrykka deira. Det barna uttrykkjer skal takast på alvor, følgjast opp og barna skal oppleve respekt for meininga dei uttrykkjer.

Vi er fleksible. Vi skal legge til rette for læring og utvikling, samstundes kan vi endre planen utifrå barna sine ynskje, signal dei sender, både verbalt og non-verbalt.

## Foreldresamarbeid

Vi ynskjer at det skal vere open og nær kommunikasjon mellom heim og barnehage. Det gode samarbeidet startar ved tilvenjinga. Her ynskjer vi raskt å byggje tillit og tryggleik, slik at barn og foreldre får ein god start.

Møteplassar for samarbeid:

- Velkomstsamtale med foreldre ved oppstart
- Dagleg bringe- og hentesituasjon
- Visma blir brukt til informasjon til heimen
- Foreldresamtalar to gonger årleg. Fleire ved behov. Pedagogisk leiar kallar inn
- Foreldremøte to gonger årleg
- Rådsorgan: Forelderåd og SU

## Tidleg innsats

Målet til Sunnfjord kommune er å styrkje tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at færre barn får bruk for spesialpedagogiske tiltak.

Når barn treng ekstra hjelp og støtte, er tidleg innsats viktig. Kommunen har eigen plan for dette – handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk. Vi nyttar samhandlingsmodellen BTI.

## Overgangar

### Når barnet startar i barnehagen

Å begynne i barnehagen er ein stor overgang for eit lite barn. Det er mykje nytt og mange inntrykk. Vi legg til rette for ein trygg og god oppstart med tilvenning over minst tre dagar. Oppstartsamtalet med foreldre er viktig for å bli kjende. Vi har fokus på å skape gode relasjonar og skape tillit.

Kvardagen i barnehagen er rutinebasert med gode rammer og tydelege grenser for å skape tryggleik for barna.



Vi jobbar etter prinsippa i COS, tryggleikssirkelen. Vi er til stades og tilbyr eit fang når barna treng litt lading mens det utforskar verda rundt seg. Målet er at personalet alltid skal vere «større, sterkare, klokare og god».

## Overgang mellom barnehage og skule

Ein god overgang frå barnehage til skule er viktig for barna. Vi held til i same bygning og har eit nært samarbeid. Dette gjer at overgangen blir lettare. Barna i barnehagen kjenner dei vaksne som arbeider i skulen. Deler av barnehagen si utetid fell saman med skulen sine friminutt. Vi legg vekt på felles aktivitetar, t.d. felles lunsj kvar månad, felles avslutning før jul og før sommarferie.

Siste året i barnehagen skjer dette:

- Førebuande aktivitetar gjennom leik med bokstavar, tal, mengde, form, språk og lyd
- Innskriving på skulen skjer i april/mai 2022. Barna som skal begynne på skulen og foreldra deira møter på skulen
- Pedagogisk leiar og kontaktlærer har overføringsmøte om våren. Føresette gjev samtykkje til overføring av informasjon
- Førskuledagar saman med skule-elevane
- Frode Laks. Eit pedagogisk verktøy som skal vere som ei kulturell bru mellom barnehage og skule

## Samarbeid

### Samarbeid internt i barnehagen

Vi har personalmøte ein gong i månaden. I løpet av året har vi 5 felles planleggingsdagar. Einingsleiar og pedagogisk leiar har jamlege møte. Styrar, verneombod og tillitsvalt har trepartsmøte.

### Samarbeid med eksterne instansar

Barnehagen har mange samarbeidspartnarar.

### Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Ved behov for rettleiing, hjelp og støtte kan vi i samråd med foreldre kontakte PPT. Dei kartlegg og gjer observasjonar rundt barnet sine vanskar og behov. Etterpå rettleier dei personalet og foreldre. Vi innhentar samtykkje frå foreldre før vi kontaktar PPT.





## Helsestasjonen

Vi kan be om råd når det gjeld ulike helsemessige spørsmål eller utfordringar. Helsestasjonen kan informere om det er noko vi bør vere merksame på. Vi innhentar samtykke frå foreldra før vi kontaktar helsestasjonen. Oppfølgingsteamet på helsestasjonen kan tilby ulike former for støtte til familiar i utfordrande livssituasjonar.

## Barnevernet

Barnevernet kan bidra med ulike hjelpetiltak dersom familien kjem i ein vanskeleg livssituasjon. Hjelpetiltak for å auke foreldrekompetansen, kompensere for manglar i omsorga, eller avlaste foreldra.

Vi som barnehagetilsette har plikt til å gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for mishandling eller andre former for omsorgssvikt.

## Foreldrerettleiing

Kvardagane med små barn er gode, men travle. Av og til kan utfordringane bli litt for store. Sunnfjord kommune tilbyr foreldrerettleiing ved behov. Kommunen har fleire sertifiserte rettleiarar innan Tidleg Innsats for Barn I Risiko (TIBIR) og Parent Management Training Oregon (PMTO).

## Vurdering

Rammeplanen seier at

- det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut i frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen
- hovudmålet med vurdering er å sikre at barna får eit tilbod i samsvar med barnehagelov og rammeplan

Vi arbeider med vurdering i det daglege arbeidet, på personalmøte og på planleggingsdagar. Foreldra er deltakande i vurderingsarbeidet gjennom foreldresamtaler og foreldremøte. Barna er deltakande i vurderingsarbeidet gjennom barnesamtaler.

Felles refleksjon og open diskusjon om barnehagen sitt formål, innhald og oppgåver gjer at vi kan lære av eigen praksis. Vi kan på denne måten bidra til å utvikle barnehagen i samsvar med måla våre, krav samfunnet stiller og dei erfaringane vi gjer oss i det dagelege arbeidet.

Vi dokumenterer i Visma appen med bilete av aktivitetar.

## Hendingar og markeringar i barnehagen

### Vinter



**Desember**

Vi syng jula inn i kyrkja og har Lucia-opptog og felles lunsj med skulen

**Desember**  
**Desember**

Julefrukost for foreldra  
Felles juleavslutning med skulen

**Februar/mars**

Ski- og akedag i nærområdet



**Mars**

### Vår

Barnehagedagen

**Mai**

17. mai-tog saman med skulen

**17. mai**

Nasjonaldag med eigen plakat i barnetoget



**Mai/ juni**

### Sommar

Gardsbesøk

**Juni**

Felles sommarfest med skulen

**August**

Nytt barnehageår



**September**

### Haust

Turar i nærområdet. Hauste grønnsaker og bær

**September**

Brannvernveke

**Oktober**

Markering av SN-dagen